Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lynging & Mosing.

Oppskr. av: Johs. O. Kvalheim

(adresse): Raudeberg.

Fylke: Sogn & Fjordane

Herad: Nord-Vaagsøy

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

I. Lynging.

SVAR

A. Lyng blir sanket.

1. Det har vore sanka löng her i uminnelege tider attende; men har det teke so av i dei siste aari, at eg veit ikkje um det brukast no noko. Ialfall er det ikkje mykje.

2. Det var helst um vaaren dei sanka, i vaar-knipa, og kallast det „aa skjera löng".

3. Löngen vert slege med ein alminneleg stuttorvsljaa, dei övste bartopparne.

4. Det var vist berre kvinfolki som dreiv med det.

5. Kor lang tid det gjek för löngen var uppvokse att, er det ikkje noko som er lagt merkje til.

6 Den vart raka saman med höirive og stappa i sekkje og heimbore i boratog. Laag lyng-slaatten attmed veg, so brukte dei vel hest og kjöyre med.

7. Um vaaren vart den sjölsagt uppfora etterkvart. For dei greidde ikkje aa skaffe heim so mykje ettersom kjyrne aat, at der vart noko aa lagre. Det er höyst um eit tilfelle, at löng har vore slege soleis um hausten i bloimings-tidi, og turrsalta i store saaar, bandakjerald. Andre har paa den tid lagt den i staal, som höy, og kanskje dei og har brukt salt.

2430

21

8. Det var helst berre kjyr som fekk löngen. Annat kunde vere, hvis det var fiskarar eller husmenne, som berre hadde saù og gjeit. Men um vaaren greiddi desse helst aa ta fore ute sjölve. Lyngen kunde brukast saman med formjöl, vaat mjölsurpe. Noko vist maal hadde dei vist ikkje, for det kreiste um baade tid og arbeidskrafter um vaaren aa faa heim nok löng, so det vart nokk berre so knappast fyr aa bjerge krötterlive det vart fora etter. Noko heil vinterbyrgsle med löng var det aldrig spursmaal um.

9. Löng var ikkje sett paa som noko godt for; men berre livbergingsfor. Det har og hendt dei har rive lyngen upp med hendierne og so lagt den i börtog som höy, og bore den heim eller kjöyrd, og kasta den slik fyr krötteri, som so leis har daa bite av, og ete dei beste bartopparne. Tjukkestylkarne laag daa at, vart turka og brukt til kveikje og brandsel.

Det meste löngen har vore brukt til, er brendsel. Daa blir den handriven, og heimboren eller kjöyrd, og brend naar den er turr. No er det heilt utgaatt temleg, daa, fyr skuld aarsaboneering paa elekt.-kraft.

B Löng som beite.
Saùderne eller Smalen driv ein ut heile aaret naar det er ver, og fraa Novb. og til det grönkast paa innmarki um vaaren og smaalombi kjem, vil ein helst ha deim i löngmarki, daa der lite og inkje beitefor er paa innmark. Bukröterna er det so ymist med kvatid ein har deim i utmark.

2430

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I fyrstningi av april er vel det tilegaste, fyr türrebeist, og hvis formangelen er stor. Men i slutten av August plar ein ta heim paa innböen alle bükröter. Har ikkje höyrt üm aa sope snö av beitemark. Löng er ikkje halde for noko sers for.

II. Mosing.

Her kjenner folk ikkje til mosebrük som for. Den brükast berre til bol ünder gris og andre kröter. Den rivast dels med hand, rakast laus med jarn- eller trerive, berast heim i sekkje eller kjipe. Sjölsagt vil ein daa helst ha türrver, og vert den og rist üpp i skjaaar og ütehüs til meir türking. Allslags mose vert brükt fraa steinar og tüver o. s. l.

Reinsdyrmose og Islandslav finst her litt av, men ikkje mykje. Hestemök til for, er ogso aldeles ükjendt her.

Her er ikkje lang veg til löng eller mose, so nokor saterlagring er ikkje her, og ikkje stölar eller sætrar heller.

Löngen er Callüna Vülgaris, Krampe-löng, er vist namnet her, kanskje av dei krampaktige greineskap, naar den i hardver og av beitegnag krökjest til i all vekstarskap.

2430

~~KVITTERING UNØDIG~~

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING